



JOBB I KULTUREN?

**Likar du film og kino? Og i tillegg blid og rask i hender og hovud?
Då kan det tenke at vi vil ha deg med på kinolaget!**

Som medarbeidar i kinodrifta må du vera viljug til å jobba i helger. NB! Ikkje kvar helg for det har du ikkje lov til.

Her i Suldal er det kino torsdag, laurdag og søndag, men det er i helgene me har mest bruk for deg.

I første rekke treng me deg for å selja billetter, snop og popcorn. Fint om du er interessert i film og er interessert i kinodrift.

Dersom du søker jobb i kinoen er det viktig at du er blid, kjapp i hovudet og ikkje redd for å ta i eit tak for det kan stundom bli litt tunge løft. At du er litt teknisk interessert er og ei føremon. Me ventar sjølvsagt og at du møter presis.

Om du søker jobb hjå oss er det mest praktisk å bu i nærleiken slik at du kan komma deg att og fram på eiga hand. Me tek sjølvsagt omsyn til alderen din og om det er skuledag dagen etter.

Bedriftsbesøk: torsdag 16.september kl 15.00 etter skulen

Søknadsfrist: Onsdag 22. september elektronisk:
hanne.mette.birkeland@suldal.kommune.no

Kulturhuset i Suldal har adresse: Løhaugen 1, 4230 Sand.
Kulturhuset har status som regionalt kulturhus.
Nettstad: www.suldal-kulturhus.no

Helsing

Hanne Mette Birkeland
Kulturhusleiar